

# Møteinkalling

---

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** TEAMS

**Dato:** 24.03.2021

**Tidspunkt:**

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 40904341. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.



## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 17/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 18/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 19/21	Framlegg - Søknad om midler til tiltak - Vedlikehald av grusveg Bondhus - Bondhusvatnet - Folgefonna nasjonalparkstyre		2021/4614
ST 20/21	Delegerte saker		
DS 5/21	Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med helikopter - Murabotn til Jakopsetre - Hattebergsdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre		2021/3850
DS 6/21	Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med helikopter til Prestavatnet - Gunn Skaale - Hattebergsdalen landskapsvernområde		2021/4333

**ST 17/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 18/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2021/4614-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 22.03.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	19/21	24.03.2021

## **Framlegg - Søknad om midler til tiltak - Vedlikehald av grusveg Bondhus -Bondhusvatnet - Folgefonna nasjonalparkstyre**

### **Innstilling frå forvaltar**

Folgefonna nasjonalparkstyre vil støtte arbeidet med vedlikehald av isvegen frå Bondhus til Bondhusvatnet. Styret fastsett ei øvre ramme på 100 000 for tiltaket. Tildelinga vert gitt med desse vilkåra.

- Søknadspliktige tiltak må søkjast om i eigen utfyllande søknad og klarerast med kulturminnemynde
- Bondhus grunneigarlag sender etter utført arbeid rapport med biletar av gjennomførte tiltak
- Faktura sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre der det er spesifisert kva pengane er nytta på, timeløn, innkjøp og liknande.

### **Saksopplysningar**

Bondhus grunneigarlag søker økonomisk støtte til å vedlikehalde vegen frå Bondhus til Bondhusvatnet, herifrå omtalt som isvegen.

Her er søknaden:

- Bondhus Grunneigarlag har sidan isvegen vart opprusta, halde denne vegen vedlike på dugnad. Vegen er nokre kilometer lang, og vert brukt av grunneigarane og andre gardbrukarar med vegrett.

---

Nasjonalpark Folgefonna Nasjonalpark

Landskapsvernombude Hattebergsdalen

Ænesdalen

Bondhusdalen

Buer

Naturreservat Langebudalen



- Etter nasjonalparken vart opna i 2005, har det vore stort fokus på Bondhusdalen som innfallsport til Folgefonna nasjonalpark. Den fantastisk flotte dalen er det mange som etterkvarthar fått auga opp for og turisttrafikken har auka jamt sidan 2005 og det har toppa seg med turistar/turfolk dei siste 5 åra. I fjor var det ein markant auke i folkevandring i Bondhusdalen, og vegen til Bondhusvatnet vart rett og slett nertrødd. ( Vegen vert mykje nytta av barnefamiliar med barnevogner og også rørslehemma i rullestol )
  - Dette har gjort sitt utslag i steinar som stikk opp mange plasser, spesielt i senter av vegen.
  - Dette resulterer i at me ikkje kan dra sladden på vegen uten at ein riv sund vegbana.
- På bakgrunn av at det er vorte satsa mykje på å leggja tilrettes for turisme i Bondhusdalen, så ynskjer Bondhus Grunneigarlag at «Storsamfunnet» bør vera med og bidra til at nokre av tiltaksmidlane vert nytta i denne flotte innfallsporten i Folgefonna Nasjonalpark.
- Områder som bør utbedrast er: Grøfter langs berg ved Gyllaren/Gyllarsbråtet, generell kantrensk av vegskulder og oppattgrusing av ein sterkt nedsleten vegsole.
- I tillegg er det problem for og komme inn med dagens traktorhengrarar med fulle gruslass inne ved Sandarvollen. Grunneigarlaget føresleg å bore i stein og bruke patroner for fjellknusing for å lettare komme fram utan og øydeleggje dekk/lager på traktorhengrarar.
- Dette vil også gagne om ein må nytta utrykkningskjøreyt i dalen.
- Ved Gyllarsfossen er det også stein som ligg og kviler på trerot, som me fryktar skal komme ned og i verste fall at elva tek dette med seg i haustflaumane.
- Bondhus grunneigarlag søker med dette kr 110 000,- i støtte til å vedlikehalde/opprusta isvegen frå parkeringsplassen til «planen» ved Bondhusvatnet.



Fleire stader har vatnet grave i grusen



Noko storstein i vegen



Søkjar har spraya der dei ønskjer å sprengje vekk stein i vegbana.



Ved vatnet er det grove massar på deler av vegen som har vorte vaska vekk for fleire år sidan.

## Vurdering

Det er behov for å halde ved like delar av grusvegen til Bondhusvatnet. Grunneigarar og dei som har hevd på vegrett her har ansvaret for vedlikehaldet av vegen, men arbeidet på vegen har ikkje vore formalisert det forvaltar kjenner til i seinare tid.

Etter forvaltingsplanen vil vedlikehald av veg omfatte: «**arbeid som skal halde vegen av tilsvarande standard som ved vermetidspunktet.** Slik arbeid omfattar m.a. å fjerne tre og buskar i vegbana, reinske eksisterande grøfter og å reparere vegen ved store nedbørsmengder, fjerne nedrasa stein o.l. Også vedlikehald og reparasjonar av bruer og klopper på vegane er å rekne som vegvedlikehald. Det vil normalt vere tillate med nødvendig grusing og vedlikehald av eksisterande grøfter, men ikkje endring til anna vegdekke.»

Dette inneber at å sprengje vekk steinar og å lage nye grøfter ikkje fell under det som vert rekna som reint vedlikehald og difor er det søknadspliktig etter verneforskrifta. Forvaltar føreslår at dette vert søkt om og at ein hentar inn vurdering frå regional kulturminnemynde i Vestland fylkeskommune. Vi bidreg gjerne med ei synfaring.

Isvegen vart bygd i 1863 og opprusta i 1996. Isvegen er eit teknisk kulturminne og ein kan også søkje om støtte til å ta vare på slike kulturminne gjennom tilskotsposten til Riksantikvaren: <https://www.riksantikvaren.no/veileder/post-72-tekniske-og-industrielle-kulturminner/>. Ein føresetnad for å gje tiltaksmidlar vil vere medforvalting, der fleire berørte partar, anten private eller offentlege bidreg til å sørge for at tiltak vert best mogleg gjennomførte.



Strekket det er snakk om er også teke med i utkast til driftsavtale av parkeringsplass på Bondhus frå desember 2020. Der er det skildra at avtala sikrar at Bondhus grunneigarlag som driftar av parkeringsplass skal halde vegen ved like. Nasjonalparkstyret ser at det kan vere tungt å få gjort noko på vegen kommande sesong då avtala så vidt vi er kjent ikkje er vedteken enno. Difor bidreg gjerne styret det dei kan med å investere i å få rusta opp vegen før grunneigarlaget tek ansvaret på seg. Nasjonalparkstyret føl også med på besøk i dalen ved bruk av ferdselsteljarar.

Det er ikkje vist noko nærmare skildring eller kostnadsoverslag for tiltaket som er planlagt. Forvaltar meiner sokjar bør komme med eit slikt oversyn. Det er også viktig at alle reelle utgifter er ført på faktura til nasjonalparkstyret før utbetaling.

## **ST 20/21 Delegerte saker**

**DS 5/21 Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med helikopter -  
Murabotn til Jakopsetre - Hattebergsdalen landskapsvernområde -  
Folgefonna nasjonalparkstyre**

**DS 6/21 Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med helikopter til  
Prestavatnet - Gunn Skaale - Hattebergsdalen landskapsvernområde**